



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavd.  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/426 - 17/4020

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
02.03.2017

## Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring på Hjertås, gbnr 9/2

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Robert Blom og Oddbjørn Meland om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel– LNF– , jf plan- og bygningslova § 19- 2 , for arealoverføring på Hjertås frå gbnr 9/2 til gbnr 9/28.

### Planstatus:

Gbnr 9/2 er ein landbrukseigedom som i kommuneplanen er sin arealdel avsett til LNF. Gbnr 9/28 er i Reguleringsplan for Mongsedalen/Mjuekabbakane – planid 1256 125619940001 – avsett til bustader/fritidsbustader.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå Robert Blom og Oddbjørn Meland søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF - for arealoverføring av 450 m<sup>2</sup> frå gbnr 9/2 til gbnr 9/28, sjå vedlegg.  
For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga og Statens vegvesen til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen

Situasjonskart

9-2 1\_1000

9-2 1\_3000

9-28 1\_1000

**Kopi til:**

Oddbjørn Meland  
Robert Blom

Melandsvegen 279 5918  
Ingeskjeret 14 5918

FREKHAUG  
FREKHAUG

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal- og 5020  
samfunnsplanavd.

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune  
Statens vegvesen Region vest

Regionalavdelinga 5020  
Askedalen 4 6863

BERGEN  
LEIKANGER